

## NVE tilrår ny kraftleidning mellom Mongstad og Kollsnes

*NVE innstiller den 31.1.2011 til Olje- og energidepartementet at BKK Nett AS vert gjeve løyve i medhald av energilova for ein 300 (420) kV kraftleidning frå Mongstad transformatorstasjon i Lindås kommune til Kollsnes transformatorstasjon i Øygarden kommune. Kraftleidningen vil vere viktig for å auke forsyningsstryggleiken til Bergensområdet og Kollsnes.*

Kraftleidningen er om lag 35 km lang og får verknader for Øygarden, Radøy, Austrheim og Lindås kommunar i Hordaland. Det går fram av kartet kva for trasé NVE tilrår at BKK Nett vert gjeve løyve til, og traseen inneber om lag 15 km kabel og 20 km luftleidning. NVE rår samstundes til at det vert gjeve løyve til å utvide transformatorstasjonane på Mongstad og Kollsnes.

Kraftleidningen skal i hovudsak byggast med portalmaster i stål, matta liner og fargelause glassisolatorar. Kraftleidningen mellom Mongstad og Kollsnes vil vere viktig for etableringa av ein robust kraftforsyning til Kollsnes og til Bergen. Den er planlagd som første ledd i etableringa av ein 300 (420) kV ringforbindelse frå Modalen til Kollsnes, noko som vil kunne gi ei ytterligere betring av forsyningsstryggleiken til Bergensområdet. Den vil i tillegg ha ein viktig funksjon for å tryggje forsyninga både til den landbaserte og den offshore-baserte olje- og gassindustrien på Mongstad og Kollsnes. Leidningen legger samstundes til rette for ein langsiktig overgang til 420 kV spenningsnivå i regionen.

### Miljøverknader

Ein 300 (420) kV kraftleidning er et stort teknisk inngrep som vil vere

synleg frå mange område. I kva for grad landskapsopplevinga vert negativt påverka, vil variere frå person til person og mellom områder og situasjonar. Kraftleidningen vil i det ope landskapet i Øygarden og Austrheim bli eit spesielt synlig inngrep, sett frå land og frå sjøen. Den vil gå gjennom område med raudlista fuglearter og område med stor verdi for friluftsliv og kulturmiljø. Andre delar av traseen går i industriprega område, som på Kollsnes og Mongstad. NVE meiner likevel at konsesjonsprosessen har medverka til at det er funne ein trasé som mellom anna reduserer dei visuelle verknadane. NVE konstaterer òg at BKK Nett vil nytte lågare master enn normalt for at kraftleidningen skal verte mindre synleg frå større avstandar. Den tilrådde traseen inneber lengre sjøkabel enn det som er teknisk nødvendig ved kryssinga av Hjeltefjorden. Den nordlige delen av Øygarden er smal, og ein luftleidning ville bandlegge uforholdsmessig stort areal, som mellom anna vert nytta til friluftsliv og som egner seg best til bygging av bustader, forretningsområde, skule og oppvekstsenter.

Traseen gir reduksjon av om lag 0,09 km<sup>2</sup> inngrepsfrie naturområde. Kraftleidningen får ikkje direkte verknader for kjente kulturminne.





Det er berre tre bustadhus og seks fritidsbustader som vil ligge nærare enn 100 meter frå leidningen. NVE har lagt Statens strålevern sine retningslinjer til grunn og meiner det ikkje er naudsynt med tiltak for å redusere elektromagnetiske felt.

### Vilkår

NVE tilrår at det vert sett vilkår om skånsam skogrydding, matta liner og en miljø-, transport og anleggsplan, der det blant anna skal vurderast alternative mastetypar og komponentar, tilpassing av anleggsperioden av omsyn til fugl og korleis omsynet til mellom anna grunneigarar, kulturminne og naturmangfald skal takast hand om. Denne planen skal være grunnlaget for NVE sitt miljøtilsyn av anlegga. Meir informasjon om prosjektet på [www.nve.no](http://www.nve.no)

## FAKTA

### NVE si konsesjonshandsaming

- Omfattande prosess sidan april 2006 med vekt på lokal medverknad
- 3 offentlige høyringsrundar
- Møter og synfaring med lokale og regionale styresmaktar
- 4 folkemøte

## FAKTA

- 35 km ny 300 (420) kV kraftleidning (15 km kabel, 20 km luftleidning)
- Utviding av 2 transformatorstasjonar

### Kontaktpersonar:

#### i NVE

Seksjonssjef Tormod Eggan,  
tlf: 91 52 50 34  
Saksbehandlar Tanja Midtsian  
tlf: 22 95 94 93

#### i BKK Nett

Jens Skår, tlf: 41 55 01 96  
Solveig Renslo, tlf: 90 16 71 67

## Noregs vassdrags- og energidirektorat

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er eit direktorat under Olje- og energidepartementet med ansvar for å forvalte landet sine vass- og energiresursar.

NVE skal sikre ei heilskapleg og miljøvenleg forvaltning av vassdraga, fremje ei effektiv kraftomsetjing og kostnadseffektive energisystem og medverke til ein effektiv energibruk. NVE har ei sentral rolle i vernebuinga mot flaum og vassdragsulukker og leiar det nasjonale vernebuingsarbeidet i kraftforsyninga.

NVE er engasjert i FoU og internasjonalt samarbeid innafør sine fagområde. NVE er nasjonal faginstitusjon for hydrologi.

### Hovudkontor:

Middelthunsgt. 29  
Postboks 5091,  
Majorstua 0301 Oslo

Telefon: 22 95 95 95,  
Telefaks: 22 95 90 00  
Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

### Regionkontor

#### Region Midt-Norge (RM)

Trekanten,  
Vestre Rosten 81,  
7075 Tiller  
Tlf: 72 89 65 50,  
Faks: 72 89 65 51  
E-post: [rm@nve.no](mailto:rm@nve.no)

#### Region Nord (RN)

Kongensgate 14-18,  
P.boks 394, 8505 Narvik  
Tlf: 76 92 33 50,  
Faks: 76 92 33 51  
E-post: [rn@nve.no](mailto:rn@nve.no)

#### Region Vest (RV)

Naustdalsvn. 1b,  
P.boks 53, 6801 Førde  
Tlf: 57 83 36 50,  
Faks: 57 83 36 51  
E-post: [rv@nve.no](mailto:rv@nve.no)

#### Region Sør (RS)

Anton Jenssens gt. 7  
Postboks 2124,  
3103 Tønsberg  
Tlf: 33 37 23 00,  
Faks: 33 37 23 05  
E-post: [rs@nve.no](mailto:rs@nve.no)

#### Region Øst (RØ)

Vangsveien 73,  
P.boks 4223,  
2307 Hamar  
Tlf: 62 53 63 50,  
Faks: 62 53 63 51  
E-post: [ro@nve.no](mailto:ro@nve.no)

## Fakta

Ansvarleg redaktør:  
Bjørn Svenungsen [bsve@nve.no](mailto:bsve@nve.no)

Fagansvarleg: Tanja Midtsian  
[tcm@nve.no](mailto:tcm@nve.no)

Layout: Rune Stubrud

Trykk: NVEs kopisenter

Opplag: 200